

## MORTEN TRAAVIK

**ALDER:** 40
**AKTUELL:** Denne uken ble installasjonen «YES/NO» flyttet til Sverige. Dermed er siste spor av året som huskunstner ved Forsvarsmuseet fjernet fra Oslo.
**MÅL FOR ÅRET:** Å henge mest mulig med min tre måneder gamle sønn og nye bestekompis Tage. Innimellom skal jeg videreutvikle to store prosjekter i Nord-Korea og Kina med premierer til neste år og 2013, lansere en musikkvideo i desember og jobbe med en dramatisering av Toralv Maurstads selvbiografi.
**TENKER BEST:** I bevegelse nær bakken – på tog, buss, bak rattet, på tredemøllen eller på viddene, og ikke minst utvunget. Du kan ikke være dypsindig om du prøver for hardt.

### KARRIEREN TIL NÅ




**START:** Flyttet til Moskva som 22-åring som en av to vesteuropeere ved Russlands fremste teaterskole. Året etter hoppet jeg av til Vesten igjen og begynte på teaterregilinjen ved Dramatiska institutet i Stockholm. Var nok i yngste laget begge gangene, kunne gjerne hatt mer livserfaring å fylle de kunstneriske ambisjonene med.
**UNDERVEIS:** Debuterte på Festspillene med egendramatisert stykke og startet opp eget ensemble, Krement X, med støtte fra Kulturrådet. Slet meg deretter sakte, men sikkert ut på hektisk produksjons- og turnétakt, indre gnisninger, underfinansiering og utilfredsstilt forfengelighet. Mistet til slutt troen på både meg selv og kunsten og tok meg jobb som portør på Rikshospitalet.
**NÅ:** Føler meg privilegert og heldig som får holde på med akkurat det jeg vil og opplever som meningsfylt og kan takke nei til alt det andre. Men kunne nok ikke utnyttet mulighetene jeg har nå fullt ut uten erfaringene fra de magre årene.

meg i minst to av tre: hjernen, mellomgulvet eller kjønnet opplever jeg som intetsigende og kraftløs, sier Traavik.

Han passer på å understreke at dette ikke er klaging og syting over tingenes tilstand. Selv om han har valgt å bevege seg utenfor den snevre kunstkretsen, har han fått gehør for sine arbeider og dessuten sin del av den offentlige støtten.

– Jeg bare registrerer at i et land som Norge er ikke kunstnerne i nærheten av å utnytte mulighetene vi har til å gjøre oss relevante. Vi risikerer som regel ingenting viktig. Vi verken drepes eller forfølges, i fengsel havner vi bare hvis vi snyter 14 millioner på skatten. Pluss at Vi har en av de beste støtteordningene i verden. Hvis du dermed ikke klarer å livnære deg som kunstner i Norge, bør du kanskje ikke holde på med kunst, sier han.

Kunstneren blir selv provosert av kolleger som sier de vil «være kontroversielle», men som feiger ut når de møter ordentlig motstand.

– Om du som kunstner vil ut og overskride grenser må du også være villig til å ta konsekvensene. Kunstgalleriet skal ikke være en frisone der vanlige regler ikke gjelder. Hvis man vil provosere, kan man ikke være uforberedt på reaksjoner og påberope seg en slags moralsk immunitet. Om man skal pile inn i musehullet sitt hver gang det blir litt skummelt, er det som om man ikke helt tror på det man gjør. Da gjør man i hvert fall kunsten intetsigende og uviktig, sier Traavik.

# Usikker framtid for Messen i Ålvik



**SENTRAL I ÅLVIK:** *Messen er teikna av Ålvik-arkitekten Nicolai Beer og stod ferdig i 1925.* FOTO: VEGAR VALDE

**Messen, som tidlegare var kontorbygning for Bjølvefossen i Ålvik, skal seljast. Det betyr at Ålvikkunstnarane går ei usikker framtid i møte.**

KARI FAUSKANGER
kari.fauskanger@bt.no

Den staselege bygningen på over 1600 kvadratmeter er til sals for 4 millionar kroner.

Eigedomsdirektør Gjert Brun i Orkla Eiendom stadfester at det har kome inn bod på eigedommen, men vil ikkje seie noko om storleiken på bodet.

– Det er ikkje naturleg å seie noko om det medan vi er i ein salsprosess, men dersom vi får eit godt bod frå ein seriøs bodgjevar, vert Messen seld. Det kan skje i nær framtid, seier han.

### Admenien seld i vår

Det er Bjølvefossen Eiendom AS som står som eigar av Messen. Eigedomsselskapet vart stifta då Elkem i 2010 utfisjonerte ikkje driftsrelaterte eigedommar frå Elkem Bjølvefossen.

Den gongen vart to eigedommar som ikkje var knytte til drifta av fabrikken, skilte ut i eit eige eigedomsselskap. Det eine bygget, Admenien, vart seld i vår. No står Messen for tur.

Dei siste åra har den raude murbygningen vore brukt til kunstnaratelier og kunstnarbustader i Kvam. Kommunen har ikkje betalt husleige til eigedomsselskapet, men har hatt ansvar for innvendig vedlikehald, oppvarming etc.

### Kontrakten sagt opp

Kultursjef Lars Erik Klafstad veit enno ikkje kva som skjer med kunstnarane i det som har etablert seg som Kunsthuset Messen, dersom huset vert seld.

– Leigekontrakten er sagt opp med utflytting i juli 2012. Dersom huset ikkje vert seld, vil det vere mogleg å skrive ny avtale med noverande eigar, eller vi kan inngå avtale med den nye eigaren. Men akkurat no er framtida for kunstnarane i Messen svært usikker, seier Klafstad.

Han peikar på at Kunsthuset Messen er ein av pilarane i kunstsatsinga i Kvam dei siste åra. Fleire utanlandske kunstnarar har flytta til kommunen, og fleire av dei har atelier i Messen. Akkurat no er det åtte kunstnarar som held til der. I tillegg er det gjesteatelier for tilreisande kunstnarar.

– Messen er og ein viktig del av den framtidige strategiplanen for kultur i kommunen. Dersom vi misser Messen, vil eit viktig punkt falle bort, seier Klafstad. Han har mellom anna tiltenkt kunstnarane som har tilhald i huset ein sentral plass i den planlagde kunstskulen i Kvam. Klafstad trur ikkje det vil vera aktuelt for kommunen å by på bygningen.

## Norsk kveite med 100.000 YouTube-treff

SKIBOTN: En kortfilm om en kveite som biter etter agnet, tatt med undervannskamera i Lyngenfjorden, har fått over 100.000 visninger på YouTube. Brukeren «Kineticfishing» på YouTube, har lagt ut flere videoer av sine fiskeeventyr. Men det er særlig hans møte med en kveite i Lyngenfjorden i Troms som har fått oppmerksomhet, skriver Nordlys. Ved 13.30-tiden i går var videoen sett 105.773 ganger. Undervannskameraet festet like over agnet viser en skeptisk, men en nysgjerrig kveite som prøver å ta en smakebit av halen på den falske fisken, før den stikker av. Men sulten eller nysgjerrigheten tar overhånd, så den kommer tilbake og går til slutt til angrep på agnet og den skjulte kroken. Etter at fiskeren løfter fangsten triumferende, kan det virke som om filmhelten blir sluppet løs igjen, muligens en erfaring rikere. NTB